



TysseLand Arkitektur AS v/Olafia Zoega

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/844 - 16/12541

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

20.06.2016

Godkjenning - igangsettingsløyve for deler av tiltak, grunn- og terrengarbeid utomhusanlegg i Elvaåsen, gbnr 23/567.

Administrativt vedtak. Saknr: 210/2016

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søker: TysseLand Arkitektur AS, org.nr 942 389 000
Søknadstype: Søknad om igangsettingsløyve for deler av tiltak, etter plan- og bygningslova (p bl.) § 20- 1, j f§ 21-4.

Saksutgreiing:

TysseLand Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar Boligbygg Vest AS, søkt om igangsettingsløyve for grunn- og terrengarbeid for utomhusanlegg i Elvaåsen, gbnr 23/567. I søknaden er det oppgitt at tiltaket gjeld gnr 21, - administrasjonen tolkar dette som feilskrivning og at rett gnr skal vere 23.

Rammeløyve for utomhusanlegg er gitt i administrativt vedtak 123/2016, dagsett 18.05.2016.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Elvaåsen - planid 12562011003 - avsett til bustadområde. Omsøkt tiltak er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan. I erklæring om ansvarsrett frå ansvarleg søker og i gjennomføringsplanen står det at desse gjeld for gnr 21 bnr 1, planen er også dagsett 17.07.2016. Kommunen vurderer dette som feilskrivning og at rett gnr er 23 og rett dato 17.06.2017. I neste søknad om igangsettingsløyve må denne vise til rett gbnr.

Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

denne lov, jf pbl § 23 - 1.

I rammeløyve dagsett 18.05.2016 vart det sett krav om at planlagte tiltak for handtering av overvatn skulle vere på plass før igangsettingsløyve vart gitt. Kommunen har per dags dato ikkje motteke planar for filtreringsanlegg. Det kan ikkje påreknast ytterlegare igangsettingsløyve før planar for filtreringsanlegg ligg føre.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 bokstav k og l, § 21-4 og § 30-4, igangsettingsløyve for grunn- og betongarbeid for opparbeiding av utomhusareal med tilhøyrande anlegg (interne tilkomstvegar, VA-nett, miljøstasjonar og utandørs parkering) på gbnr 23/567 i Meland kommune i samsvar med søknad motteke 20.06.2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonskart og kartvedlegg godkjend i rammeløyve i adm.sak 132/2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av Plan- og bygningslova og avsluttast med søknad om ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Før det blir gitt ytterlegare IG må tiltakshavar dokumentere at vilkåra i rammeløyve dagsett 18.05.2016 er stetta.

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket blir opparbeid i tråd med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf pbl § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet om ikkje anna går fram avvedtaket ovanfor. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf pbl § 21-6.

Opplysningane i søknaden om bygning, areal og tiltakshavar vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje blir sett i gong innan tre år etter at dispensasjon og rammeløyve ble gitt, fell både dispensasjon og løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl. § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
23-567 IG

Kopi til:

Boligbygg Vest AS

Fagerdalen 4

5039

BERGEN

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS v/Olafia
Zoega